



Aktivitetshuset må fullførast før 1. desember. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunestyret gjekk i møtet torsdag samrøystes inn for at kommunen skal garantera for ein lån på 300.000 kroner som Uskedalen Aktivitetshus tek opp i Sparebank 1 Kvinnherad til fullføring av huset innan fristen. Den er 1. desember.

Hvis fullføring ikkje skjer innan denne datoen blir tippemidlane ikkje utbetalt. Kommunen har forskottert desse. Kommunen har allereie garantert for eit lån på 1,2 millionar til huset og det står att 974.167 kroner på dette lånet.

I kommunestyret sa Morten Vetvatne (V) at partiet hans var positiv til å gje garantien og det same var Otto Benjaminson (KrF). Benjaminsson peika på at det blir gjeve betre rentevilkår når kommunen står bak, men han etterlyste ein oversikt over kva kommunen har forplikta seg til med omsyn til garantiar.

Kommunalsjef Kjell Odd Nygård minna om at rådmannen snart vil fremja ei sak som handlar om idrett- og kulturanlegg og prinsipp og praksis kring forskottering, tilskot og garantiar. Men Uskeda-saka hastar og må handsamast før den prinsipielle gjennomgangen vert gjort. Hvis kommunen ikkje garanterar for dette restlånet går tippemidlane tapt.

- Vi må vokte oss for å komma opp i altfor mange slike saker, sa Nygård.

Ein annen viktig Uskedal-sak var også oppe i kommunestyret. Det gjekk samrøystes og utan debatt inn for at rådmannen opprettar kontrakt med Byggservice AS for byggjing av byggjesteg1 i avløpsanlegget. Kostnadsramma er 7,1 millionar kroner som vert finansiert med investeringsmidlar. Dei må løyvast over 2009-budsjettet.

Av Ola Matti Mathisen